

Erfaringar med bruk av EM-Aktiv

Før fnyste eg av bokashi. No veit eg betre, sjå berre her:


Kompostmoderne matematikk: $1+1+1+1+1=11111$. Kompost + biokol + sopprot + jorddekke + EM = ei formidabel, frisk og lagringsdyktig avling.

Kompost: Eg hadde ein kompost som ikkje såg «frisk» ut, og heller ikkje lukta godt. Eg spadde den om og tilsette EM, og alt etter eit par dagar var det stor forandring. Vond lukt forsvann, og det gjekk berre eit par veker, så var komposten nesten heilt omdanna og full av meitemark.

Sjukdomsbehandling ved rustangrep



Bilete av ferskentreet før spraying med EM-Aktiv



- og etter 10 dagar behandling med EM-Aktiv

Sjukdomsbehandling: Eg har eit ferskentre som vart hardt angripe av rust. Blada fall av alt i midten av juni, og nokre greiner var heilt nakne. Fotosyntese og vekst stoppa opp.

Treet fekk «intensivbehandling» med EM kvar dag i 10 dagar. Det stoppa angrepet, og veksten kom i gang att. Resultatet vart over 100 små, men svært saftige og søte frukter.

Sjukdom på bringebær



Klorose før behandling med EM-Aktiv



- og etter behandling med EM-Aktiv

Bringebærplantene har i fleire år vist teikn på klorose på årsskota utpå sommaren. Det har ført til at mange skot har vore svake når vinteren kom, og sommaren etter har dei ikkje vorte ordentleg grøne.

Blada har vore små og meir gule enn grøne, og det har sjølvstøtt gått ut over avlinga, både kva gjeld mengde, smak og størrelse på bæra. I år fekk plantene behandling med ei blanding av EM og uttrekk av brennesle og åkersnelle. Klorosen vart borte på dei fleste skota, og eg hadde kraftige og sunne planter om hausten.

Alle frukttre, bærbuskar, jordbærplanter, drueplanter og grønsaker fekk regelmessig EM-behandling i vekstsesongen.

Ingen vart angripne av mjøldogg, gråskimmel ol. Ikkje ein gong etter to uvanleg både milde og fuktige haustmånader er der teikn til angrep.

Avling:

Kvaliteten på både frukt, bær og grønsaker vart svært mykje betre med EM-behandling.


Betre smak og generelt større frukter enn før.

Den store overraskinga var likevel lagringsevna. Eg har nokre epletre med frukt som berre kan lagrast ei veker tid.

EM-behandla frukt heldt seg i 3-4 veker.

Konklusjon: Dei er i alle fall effektive, desse mikroorganismene!

Astrid Nesland



Vinterklare bringebærbuskar